

Forskrift om open brenning og brenning av avfall i småomnar, Vanylven kommune

Heimel: Fastsett av Vanylven kommunestyre xx.xx.xx med heimel i lov 10. februar 1967 om behandlingsmåten i forvaltningssaker (forvaltningsloven) § 37 og lov 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensninger og om avfall (forurensningsloven) § 9, jf. delegeringsvedtak 19. juli 2001 nr. 1706.

§ 1. Føremålet med denne forskrifta er å hindre ureining og helseproblem i kommunen som følgje av open brenning og brenning av avfall i småomnar.

§ 2. Virkeområde

Denne forskrifta gjeld open brenning og brenning av avfall i småomnar innanfor kommunen sine grenser.

§ 3. Definisjonar

I denne forskrifta er omgrepa definert slik:

- a. *Open brenning*: all brenning som skjer utandørs.
- b. *Småomnar*: forbrenningsomnar som ikkje har løyve frå Miljødirektoratet eller Fylkesmannen eller er tillate brukt etter statleg forskrift etter forurensningsloven.
- c. *Reint trevirke*: trevirke som er ubehandla, ikkje malt, beisa, trykkimpregnerert eller liknande.

§ 4. Forbod mot open brenning og brenning av avfall i småomnar

Open brenning og brenning av avfall i småomnar er forbode om ikkje anna fylgjer av § 6 i denne forskrifta.

§ 5. Tidsavgrensa forbod mot brenning i skog og utmark

I perioden 15. april–15. september er det forbod mot all open brenning i eller i nærleiken av skog og annan utmark utan løyve frå brannsjefen, jf. [forskrift 17. desember 2015 nr. 1710](#) om brannforebygging § 3, tredje ledd.

§ 6. Unntak frå forbodet

Fylgjande er likevel tillate:

- a. Open brenning på grillinnretning, utepeis og turbål brukt i tradisjonelt friluftsliv der det opplagt ikkje kan starte ein brann.
- b. Brenning av avisopapir og reint trevirke i vedomn, heime eller på fritidsbustad.
- c. Jonsokbål og av reint trevirke, etter søknad til brannvesenet. Bålplassen skal ryddast etter bruk.
- d. Bråtebrenning for rydding av beite og vedlikehald av kulturlandskap utanfor tettbygd strok i tidsperioden 15. september–15. April, etter melding til brannvesenet.
- e. Brenning av tørt hageavfall der det ikkje er til sjenanse for andre, etter melding til Brannvesenet.
- f. Brannøvingar/undervisning, medrekna øvingsbrenning av kondemnerte og hus som er miljøsanerte samt kontrollerte sløkkeøvingar i samband med brannøvingar i regi av Vanylven brann og redning.
- g. Brenning skal kun finne stad der det openbart ikkje kan føre til brann og er underlagt rammene som følgjer av forskrift om brannforebygging.

§ 7. Dispensasjonar

Brannsjef kan i særskilde høve, etter søknad, gje dispensasjon frå forbodet i § 4. Brannsjef kan ikkje gje dispensasjon for brenning av produksjonsavfall eller brenning av avfall i småomnar.

§ 8. Tilsyn

Brannvesenet i Vanylven kommune fører tilsyn med at føresegnene i denne forskrift vert haldne.

Brannvesenet i Vanylven kommune har mynde til å stoppe brenning som er i strid med denne forskrifta.

§ 9. Klage

Vedtak treft av Brannsjef i medhald av denne forskrifta er å rekne som enkeltvedtak og kan klagast på til kommunen.

§ 10. Straff

Brot på forskrifta kan føre til straffeansvar, jf. [forurensningsloven § 78](#).

§ 11. Iverksetjing

Denne forskrifta trer i kraft 15 April 2022.